



Etatsstyring 2020

Tilbakemelding til Høgskulen i Volda på ambisjonar og oppnådde mål

Dato og versjon:

1. juli 2020 Endeleg tilbakemelding

Høgskulen i Volda (HVO) har «kunnskap for framtida» som visjon. Høgskulen har ein sterk fagtradisjon innanfor humaniora og samfunnsvitskap og tilbyr profesjonsutdanningar og fagstudium som både er regionalt forankra og internasjonalt orienterte.

HVO arbeider godt med gjennomstrøyming på bachelornivå. Departementet deler vurderinga i årsmelding frå styret av at HVO framleis må betre gjennomføringsgrad for master, vitskapleg publisering, BOA-inntekter per fagtilsett og rekruttering av tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse. Departementet meiner det er viktig at høgskulen held fram med, og styrkar arbeidet for å betre høgskulen si utdannings- og forskingsverksemd. God kvalitet i utdanning og forskning er ein føresetnad for å lukkast med å fylle den regionale profilen til høgskulen.

Kunnskapsdepartementet (KD) har i fleire år peikt på at HVO har utfordringar med å sikre gode resultat på områda som er nemnde over. Departementet ber HVO om å konkretisere nærare kva tiltak HVO vil setje i verk for å sikre betre resultat i åra som kjem. Vi ber om tilbakemelding innan 1. november 2020 som kan vere grunnlag for nærare dialog med departementet.

KD vil rose den store innsatsen frå universitet og høgskular under den pandemien som no går føre seg. Institusjonane har bidrege til samarbeid og fleksible løysingar i sektoren og handtert bestillingar frå departementet. Dette har vore viktig for arbeidet til departementet og regjeringa. Bruken av teknologi og digitale løysingar har vore imponerende. KD oppmodar institusjonane til å vidareutvikle det potensialet som ligg i slike løysingar.

Regjeringa la i april fram stortingsmeldinga "Kompetansereformen – Lære hele livet". Det er viktig for regjeringa at det er nok utdanningskapasitet, både for førstegangssøkarar og i etter- og vidareutdanning. Samstundes vil regjeringa gjere det lettare å ta høgare utdanning uavhengig av bustad- og livssituasjon. Difor har regjeringa auka løyvingane til drift og utvikling av fleksibel utdanning. Koronakrisa har forsterka behovet for utdanning og kompetanse i samfunnet. KD forventar difor at universitet og høgskular innrettar utdanningstilboda sine på ein slik måte at samfunnet får den kompetansen det er behov for no, og framover i tid.

1. Resultat og oppnådde mål

Utviklingsavtalen bygger på Høgskulen i Volda sin strategiplan for 2017-2020. To hovudsatsingar er viktige: å utvikle dei nye grunnskulelærarutdanningane og å styrke



posisjonen som studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg. I tillegg er det lagt til eit punkt om dugleik for framtida for å gje ein ekstra verdi, og eit løft, i arbeidet med å tilpasse utdanningane til samfunnet sine behov framover. For å oppfylle strategiplanen, og dei andre måla i utviklingsavtalen, må HVO også lukkast med utvikling og rekruttering av toppkompetanse. KD er oppteken av at HVO arbeider for å auke kompetansen totalt. Dette er viktig for å bygge gode fagmiljø som gir studentar og arbeidslivet tilgang til forskingsbasert kunnskap.

Kvalitet i utdanning

Gjennomstrøyminga på bachelorutdanningane har gått ned frå 2018 til 2019, men er framleis over nasjonalt snitt.

Når det gjeld gjennomstrøyming på masternivå er den låg, og langt under nasjonalt snitt. Høgskulen har ikkje lukkast med å forbetre seg i særleg grad frå 2018 til 2019 på dette området, trass i handlingsplan for gjennomstrøyming. Høgskulen nådde ikkje sine eigne ambisjonar for 2019. Departementet forventar at gjennomstrøyminga blir monaleg betre framover.

Høgskulen har relativt få tilsette i førstestilling, og ligg ein god del lågare enn det nasjonale snittet. Dette er urovekkande med tanke på at undervising, også innanfor profesjonsfaga, skal vere basert på forskning. Dette er også bekymringsfullt med tanke på problema med gjennomstrøyming på masternivå, der god og tilstrekkeleg rettleing står sentralt.

Måltalsproduksjonen på lærarutdanning er framleis låg innanfor GLU 1-7, sjølv med framgang i 2019. For GLU 5-10 er situasjonen god. Departementet forventar at høgskulen arbeider for å få opp produksjonen på GLU 1-7, og generelt med å betre kvaliteten på lærarutdanningane.

Situasjonen rundt medieutdanningane har fått mykje merksemd, med ei rekkje medieoppslag. Dette er ein situasjon som uroar departementet.

HVO trekte søknaden om eit senter for framifrå utdanning (SFU) innanfor mediefag. KD ber HVO vurdere å likevel halde fram dette arbeidet som eit ledd i utviklinga av kvaliteten på medieutdanninga.

Departementet merker seg også at HVO kjem relativt dårleg ut av ShoT-undersøkinga frå 2018, og forventar at tiltaka HVO har sett inn for å betre studentane si psykiske helse får effekt.

Stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet er utsett inntil vidare grunna koronakrisa. Stortingsmeldinga vil uttrykke ein ambisjon om at internasjonal mobilitet blir ein integrert del av alle studieprogram, og at halvparten av dei som fullfører ein grad i norsk høgare utdanning på sikt skal ha hatt eit studieopphald i utlandet. KD har forståing for at utveksling er vanskeleg i dagens situasjon, men forventar at institusjonane følger opp regjeringa sine ambisjonar når situasjonen tillèt det.



Regjeringa kunngjorde i mars 2020 intensjonen sin om deltaking i EU sitt neste rammeprogram for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+, frå 2021-2027. Ved eventuell deltaking forventar departementet at universitet og høgskular prioriterer å auke delen av studentar som reiser i regi av Erasmus+. Storbritannia si deltaking i Erasmus+ frå 2021 er usikker. Institusjonane må difor ta høgde for dette i planlegginga. Kunnskapsdepartementet er opptatt av å ha eit godt samarbeid med Storbritannia, og å finne gode partnarar i andre Erasmus+ land.

Kvalitet i forskning

Høgskulen i Volda har ein liten auke i talet på publikasjonspoeng per faglege årsverk siste året, men ligg framleis lågare enn åra før dette, og lågare enn sitt eige mål for 2019. Høgskulen seier sjølv at dei arbeider målretta med tiltak, og at dei forventar betre resultat i åra som kjem. Det er særleg satsinga på forskingsgrupper som skal bidra til dette. I fjor fekk forskingsgruppene meir økonomisk støtte for å sikre aktiviteten, og talet på FoU-stipend auka frå 10 til 15. Departementet ser fram til å sjå resultatet av denne satsinga innanfor vitenskapleg produksjon.

Delen publisering på nivå 2 varierer ein god del mellom enkelte år. Sett over tid ligg delen lågare enn snittet for statlege høgskular. Dette er ei utfordring når det gjeld å nå ambisjonane om kvalitet i forskning og utdanning ved høgskulen.

Bidraginntektene frå Forskningsrådet har gått litt opp dei siste åra, men inntektene per fagleg årsverk ligg om lag på same nivå. Høgskulen har auka talet på søknadar til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder, i tråd med eigne mål, men fekk ikkje tilslag på søknadane til Forskningsrådet og EU. Høgskulen vil arbeide med å betre kvaliteten på søknadane og sende dei inn att i 2020. Departementet legg særleg vekt på at forskinga ved høgskulen skal medverke til å gje god, forskingsbasert undervising.

Departementet merkar seg at blant fast tilsette er det ein høg og aukande del første- og toppkompetente og at høgskulen ligg godt an til å måla som er sett i 2022. Delen av alle tilsette med førstekompetanse har gått ned for andre året på rad. Høgskulen forklarar dette med den store auken i talet på nytilsette. Det må bety at nyrekrutterte ved høgskulen i liten grad har førstekompetanse ved tilsetting. Høgskulen har toppkompetanse som satsingsområde. KD er oppteken av at HVO arbeider for å auke kompetansen totalt. Dette er viktig for å bygge gode fagmiljø som girstudentar og arbeidslivet tilgang til forskingsbasert kunnskap.

Open tilgang til forskingsresultat, og tilgjengeliggjering og deling av data, er ei sentral forskingspolitisk målsetjing. Departementet forventar at institusjonane framleis har stor merksemd rundt desse spørsmåla, og at dei er budde på krava som vil gjelde frå og med 2021. Desse krava kjem som følge av Plan S som Forskningsrådet har slutta seg til gjennom den internasjonale koalisjonen av forskingsfinansiarar, cOAlition S.



Samarbeid med omverda

Andre BOA-inntekter per fagleg årsverk har gått monaleg opp siste året. Høgskulen trur denne utviklinga vil halde fram med nye BOA-prosjekt som er under utvikling. Planane for satsing på digital kompetanse i læring (DKL) har ikkje gitt utteljing i form av inntekter. KD forventar at HVO utviklar kompetansen sin med tilhøyrande tenester, slik at høgskulen får meir og betre samarbeid med regionalt arbeidsliv.

Regjeringa vil betre samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og arbeidslivet for å møte omstillingsutfordringane i samfunnet, og skal etter planen leggje fram ei stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning våren 2021. Institusjonane må bruke ulike arenaar og former for samarbeid for å auke arbeidsrelevansen i utdanningane.

God ressursbruk og forvaltning

Høgskulen har effektivisert drifta det siste året. Studentveksten i 2019 har vore langt over auken i tilsette i fellesadministrasjonen. Høgskulen har sett som styringsparameter at dei skal vere mellom dei mest kostnadseffektive i sektoren. Driftskostnadane per avlagte 60 studiepoeng har stige noko i 2019, men HVO er framleis godt under snittet i sektoren.

Når det gjeld likestilling ligg HVO på nivå med eigne planar, og har fått til ein auke for kvinner i toppstillingar. HVO ligg framleis under snittet i sektoren. Departementet forventar difor at HVO held fram det gode arbeidet med å auke talet på kvinner.

HVO har eit høgt nivå på avsetjing av mottekne løyvingar ved utgangen av 2019. Departementet forventar at HVO følgjer opp eigne planar om å nytte ein stor del av avsetjingane i 2020 slik at nivået blir redusert framover.

Departementet er kjend med at høgskulen har utfordringar knytt til arbeidsmiljøet ved ei avdeling. Departementet forventar at HVO finn gode og konkrete tiltak for å løyse problema. Dette er viktig for at høgskulen kan skape resultat og kvalitet av aktivitetane sine i tråd med krav, mål og ambisjonar.

Talet på mellombels tilsette i universitets- og høgskulesektoren har gått ned. Institusjonane må framleis jobbe målretta for å redusere dette talet. Problematikken vil blir følgt opp i strategi for rekruttering og karriere i høgare utdanning som departementet tek sikte på å legge fram før sommaren 2021. HVO har framleis ein høg del mellombels tilsette. Departementet forventar at høgskulen reduserer dette talet i tida som kjem.

KD forventar at HVO følgjer opp informasjonstryggleik og personvern, jamfør styringsmodellen som Unit forvaltar på vegne av departementet. Vidare forventar KD at HVO har kontinuitets- og beredskapsplan for alvorlege IKT-tryggleikshendingar, og at dette planverket blir øvd på. KD minner om at Digitaliseringsstrategi for universitets- og høgskulesektoren skal reviderast. Det er viktig at HVO bidreg i strategiarbeidet slik at studentane får yrkestilpassa og profesjonstilpassa digital kompetanse.